




## Museet har nye nettsider



Me har no lansert nye nettsider. Ta ein kikk!! [www.ryfylkemuseet.no](http://www.ryfylkemuseet.no)

## Prosjektutviklar i Sauda Lokalarkiv



Jorunn Øye Rossebø startar i stilling som prosjektutviklar i Sauda Lokalarkiv den 1. juni. Jorunn (37), er gardbrukar på Kjerringtveit i Svandalen i Sauda og har utdanning frå NTNU med ei mastergrad i samfunnsgeografi. Mange kjenner Jorunn sitt namn frå idretten, der ho har vore aktiv utøvar i langrenn på landsplan.

Stillinga er ei halv stilling over ei prosjektperiode på to år. Finansieringa er resultat av eit spleiselag mellom bedriftene Saundefaldene og Eramet i Sauda og Ryfylkemuseet. Arbeidsoppgåvene vil omfatta ordning og katalogisering av arkivmateriale samt gjennomføring av ein ambisiøs utviklingsplan for lokalarkivet. Sauda Lokalarkiv er framleis ei eiga stifting, men det vert arbeidd for at arkivet skal innlemmast som ei avdeling av Ryfylkemuseet.

## Miljøfyrtårn



I 2014 blei Ryfylkemuseet sertifisert som Miljøfyrtårn® tårnbedrift. Museet leverer no årlege miljørapportar og må resertifiserast kvart tredje år.

Å vera Miljøfyrtårn inneberer systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen. Me oppfyller krav og gjennomfører tiltak for ei meir miljøvenleg drift og godt arbeidsmiljø. Årsrapporten for 2015 er no levert. Rapporten synleggjer energibruken vår og er utgangspunktet for vidare satsing. I 2015 har me gjennom månadlege miljøtips frå våre tilsette tatt små grep for å verta betre: Me har hatt økokøyringskurs, gjennomført arrangement som den store klesbyttedagen, vorte betre på avfalls-sortering, investert i utstyr for nettmøte i tillegg til ulike arbeidsmiljøtiltak.

*Me kallar det å ta miljøansvar i praksis!*

## Dansar i Rogaland



Bygda Dansar Rogaland startar til hausten og Ryfylkemuseet ved Folkemusikkarkivet for Rogaland inviterte 2. april til festkveld for å markera dette, samt gi litt informasjon til dei frammøtte. Bygda Dansar er eit nasjonalt folkedansprosjekt for ungdom frå 15 til 19 år. Prosjektet appellerer til ungdom med interesse for både det sosiale og det sceniske. Det er no kome til Rogaland og skal gå over tre år. Det er lyst ut tre stillingar knytt til prosjektet med søknadsfrist 30. april. De kan lesa meir om prosjektet og stillingane her.

## KVA SKJER?

### MAI

**3. mai**  
Songkveld med Erfjord Bygdekvinnelag Håland

**10. mai**  
Foreldre- og småbarnskafe Nesasjøhuset

**17. mai**  
17.mai for alle Nesasjøhuset

### JUNI

**4. juni**  
Ryfylke- dagane Aktivitet og konsert Nesasjøhuset

**5.juni**  
Natt på museet Stor Kar, lesestund og karding Bibmus